



Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15865 - 22/26403

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
01.04.2022

Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilhøve - gbnr 477/88 Solheim vestre

Tiltak: Mogleg ulovleg bruk av areal
Byggjestad: Gbnr 477/88
Tiltakshavar: Helland Eiendom & Invest AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld

Kommunen har fått melding om at det på eigedom gbnr. 477/88 er areal som er innreda til anna bruk enn omsøkt. Det omhandla areal skal vere i 3. etasje i ein 4-mannsbustad. Eininga det gjeld skal vere i 2. etasje med ei trapp opp til det som er vist som uinnreda loft i søknad om oppføring av 4-mannsbustaden. Uinnreda loft skal vere innreda og tatt i bruk med 2 soverom, bad og bod.

Kommunen kan ikkje sjå at arealet er omsøkt og godkjent til noko anna bruk. Kommunen kan heller ikkje sjå at det er sendt inn søknad om endring i gjeven løyve eller søknad om bruksendring.

Arbeidet kan vere søknadspiktig

Vi gjer merksam på at endra bruk av uinnreda loft til rom som skal brukast til varig opphold er søknadspiktige etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 25.04.2022.

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15865.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.